

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Siren Bruvik Øvre-Helland	FE-033	23/225

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
021/2023	Ungdomsrådet	PS	21.09.2023

## ALLEMED-dugnad

### Forslag til vedtak:

Ungdomsrådet ynskjer å følgje opp arbeidet som blei gjort på ALLEMED-dugnaden og gjennomføre ei kartlegging av kva enkeltarrangement ungdommane i Modalen kunne tenkje seg.

### Saksopplysningar:

Torsdag 24. august vart det gjennomført ei ALLEMED-dugnad i kommunestyresalen i Modalen. Her var kommunalt tilsette, politikarar, ungdomsråd, frivillige, næringsliv og andre invitert for å diskutere spørsmålet: «Korleis kan me gje alle born og unge i Modalen kommune moglegheita til å delta på fritidsaktivitetar, uavhengig av familiens økonomi?». Til slutt enda me opp med tre konkrete tiltak som skal gjere det enklare for alle å delta i fritidsaktivitetar:

- BUA – Utstyrsutlån
- Kartlegging og synleggjering av tilbod i kommunen + ei fritidsmesse/open dag i Bryggjeslottet.
- Enkeltarrangement for born og ungdom

Det møtte 3 representantar frå ungdomsrådet og dei ynskja å arbeide vidare med det siste tiltaket: enkeltarrangement. Me blei difor einig om at dette kan komme opp i neste ungdomsrådsmøte og at ungdomsrådet kan starte prosessen med å kartlegge kva ungdommane (8.trinn-VG3) kunne tenke seg av slike arrangement.

## **Ungdomsrådet - 021/2023**

### **UR - behandling:**

Ved førre møte vart det bestemt at Ungdomsrådet skulle sjå nærare på dette med enkeltarrangement i forbindelse med ALLEMED-dugnaden. Her er dei forslaga som kom frem i møtet:

- Volleyballturnering
- Samarbeide med andre lag for å arrangere noko, t.d. swingkurs
- Arrangera ein tur til ei turhytte
- Slalom
- Klubb
- MUR vil spørja elevane på skulen om dei har nokon gode idear
- Gocart
- Skulekamp i fotball, invitera andre skuler til Modalen for å spela kamp, mai 2024. Kanskje arrangera klubb i samband med kampen.

### **UR - vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

### **Vedlegg:**

Referat frå ALLEMED-dugnaden